



Elevane på skulen har skuleuniform.

India er eit stort land. Vi tok fly frå Chandigar til Nagpur. Vidare var det 1 time å køyra til Umred. Kjøreturen var treg for det var mykje vegarbeid. Effi David og sonen Moses henta oss. På hotellet var det stilt sidan det var etter midnatt. Effi fekk liv i personalet og vi fekk romma våre. Hotellet var 3 år gammalt og vi var dei fyrste utlendingane som var der. Personalet kunne ikkje eit einaste ord engelsk så vi måtte ha Effi som tolk. Han og famiien ordna alt. 'Kvitingane' vekte oppsikt! Effi inviterte seinare personalet til å koma til skulen for å læra engelsk.



Borna har pynta seg til fest.

Neste dag vart vi henta til skulen. Styresmaktene tillet ikkje lenger born å bu på barneheimen. Dei som budde der vart flytta for 1,5 år sidan. Dei kom til fjerne slektingar som ikkje brydde seg om dei. Barneheimen vart då skule. Det er 43 born frå 3 til 8 år, t.o.m. 2. klasse. Komande år vert det utvida til 3. klasse. Skulen har veldig godt ord på seg så mange foreldre ynskjer at borna deira skal gå der. Dei har førespurnad om 200 ungar komande år! Foreldre som har råd til det betalar skulepengar, 200 rupi (ca. 25 kr.) for månaden. Dei som er fattigare slepp å betala. Det er jevt delt mellom gutar og jenter.



Reisefylgje frå Kvinnherad til India: F.v: Inger Elise Helgeland, Margunn Håland, Lina Håland, Eli Roseth Eik, Maria Larssen og Thor Jarle Bjelland.

I slummen i Malik Nagar er det skule med 30 born frå 4 til 9 år, der også både jenter og gutar. Borna i Umred har med niste. I Malik Nagar får borna mat på skulen. Etter skuletid i Malik Nagar kjem ei kvinnegruppe som lærer å sy. Borna hadde laga flott forestilling for oss og foreldra. Fleire foreldre hadde saman betalt for å leiga drakter til framsyninga. Foreldra var synleg stolt over kor flinke borna var - og born er born, nokre nekta å sleppa mammo si hand for å opptre. Dei vil freista sy drakter til seinare framsyningar. Det kan vera god trening for sykklassen.

Søndagen var vi til gudsteneste. Vi forstod ikkje så mykje, men det var fleire kjende tonar. Margunn hadde ord for dagen. Ho er dyktig. Lina song. Stundesvis er det litt uro i området. Det er lov å ha gudsteneste, men for å verta merksam på eventuel uro var Moses utanfor kyrkja for å fylgja med. Vi sat i kyrkjehagen etter gudstenesta. Inger Elise ville utanfor porten for å ta bilete. Ein ung mann vart straks sendt etter henne. Ho skulle ikkje gå åleine, kvit og kvinne kunne vera fareg. Skikken er også at kvinner ikkje skal gå åleine.

Då Margunn var i Umred i 2019 hadde dei for fyrste gong Medical Camp i Malik Nagar. I år var det ny camp. 2 legar frå sjukehuset kom saman med sjukepleiarar og sekretærar. Ei lærerinne hjelpte også til. Der gjekk det unna, 138 pasientar på 2 timar. Dei fanga opp fleire alvorlege sjukdomar. Ei jente i 6-7 årsalderen hadde hareskår og open gane. Det var rekna som eit under at ho hadde levd så lenge for ho kunne ikkje eta skikkeleg. Ho hadde aldri vore til doktor. No vert det operasjonar og livet vil ordna seg for henne. Etter campen besøkte vi sjukehuset, ei gamal avdeling med 10 mannsrom og ei heilt ny avdeling. Til Margunn si glede var det reint og fint også på den gamle avdelinga. I fjor var det skikkeleg stank der.

Litt tid til handel var lagt inn. Det var mykje fint stoff og nydelege sariar. Sarien ser ut til å bli festanttrekk, ikkje kvardagsplagg i seinare generasjonar. Ungdomane bruka mykje dongeribukser

medan dei vaksne/eldre hadde sari som dagleg antrekk. For mange i Malik Nagar og Umred var vi dei fyrste kvite dei hadde sett. Eg har ikkje tal på kor mange selfiar vi var med på.

Flyet vårt vart kanselert så i staden for kveldsfly den 15. reiste vi frå hotellet kl. 06.00 og fekk ein heil dag i Delhi før flyet tok av mot Dubai og Norge kl. 04.00 den 16. Det var Lina, paret frå Husnes og eg som reiste heim. Margunn og Inger Elise skulle vera ei veke til. Tryggleiken er god. Ein slepp ikkje inn på flyplassane utan gyldig billett. Det er mykje overvaking. Eg lurde litt på kor grensa mellom overvaking og tryggleik gjekk. Politi og soldatar hadde vakt alle stader. Dei var tungt vepna men hjelpsame og greie. Flytida heim vart lenger enn planlagt sidan vi gjekk utanom Iran. Flykapteinen sa at det var for tryggleiken vår, ikkje for moro skuld.

Det var ein fantastisk flott og givande tur. Ein får verkeleg sjå landet på ein annan måte når ein reiser slik vi gjorde.

Tekst/foto: Eli Roseth Eik

Nett: Kristian Bringedal



Margunn Håland har ein sentral rolle i barneheimsarbeidet i Umbred.

[← Tilbake](#)